




KARTLEGGING OG VERDSETTING AV FRILUFTSLIVSOMRÅDE 2015-2016

Rapport

16. juni 2016



B

ilete 1:
*Ein herleg
sumardag
i
friluftsom
rådet på
Fløksand.
(Foto:
Ane
Bysheim)*

Innhald

1. Bakgrunn	2
2. Føremål med kartlegginga	3
3. Gjennomføring av prosjektet	5
4. Resultat	5
5. Merknader	7
Vedlegg	8

1. Bakgrunn

Meland kommune har i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) gjennomført prosjektet kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i perioden 2015-2016.

Regjeringa har som målsetting at flest mogleg av Noregs kommunar skal ha kartlagt og verdsett sine viktigaste areal for friluftsliv innan 2018. Prosjektet er mellom anna nemnt i «Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv», «Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftsområder», og Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025. For å få flest mogleg til å kome seg ut og bruke naturen er det naudsynt med god informasjon om friluftsliv i kommunen. «Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019» for Meland kommune slår fast at informasjonen om tur- og friluftsområde i Meland er mangelfull og utilstrekkeleg for å tene ei veksande befolkning med mange nye tilflyttarar og eit stort areal med til dels dårleg infrastruktur. Utbyggingstakta er høg og det er viktig å sikre tur- og friområde for framtida. Gjennomføring av kartleggingsprosjektet systematiserer informasjon om eksisterande område nytta til

friluftslivsformål og tiltak som er sett i verk, i tillegg til forslag til forbetringar som kan auke bruken av områda. Veksten i kommunen legg stadig større press på areal og fritidstilbod, og det må justerast for eit aukande behov for tilrettelegging og sikring av innbyggjarane sine høve til å drive med aktivitet i kvardagen.


Eit solid kunnskapsgrunnlag er viktig for at friluftsliv skal kunne vere ein føreseieleg og tydeleg faktor i all samfunns- og arealplanlegging, og i eit aktivitets- og folkehelseperspektiv.

Eit solid kunnskapsgrunnlag er viktig for at friluftsliv skal kunne vere ein føreseieleg og tydeleg faktor i all samfunns- og arealplanlegging, og i eit aktivitets- og folkehelseperspektiv. I dag manglar det ofte eit tilstrekkeleg og heilskapleg kunnskapsgrunnlag for å vurdere verdien av ulike friluftslivsområde, noko som kan resultere i at viktige friluftslivsområde vert bygd ned eller ikkje teke godt nok vare på. Eit samla oversyn over alt areal nytta til friluftsliv vil vere eit føremon i arbeidet med å søke statlege midlar til sikring og tilrettelegging av friluftsområde, og frå 2018 vurderer staten å innføre dette som eit krav.

Meland kommune søkte i 2015 Hordaland fylkeskommune om midlar til å gjennomføre ei slik kartlegging. Søknaden vart godkjent og kommunen fekk i 2015 tildelt kr 60.000 til å starte opp prosjektet. Kommunen inngjekk ein avtale med BOF om at dei skulle ha ansvar for prosjektleiing. Det har vart søkt om midlar frå Fylkesmannen til digitalisering av kart over friluftslivsområda. Meland kommune fekk tildelt kr.30.000 som vart overført til BOF for å gjere digitaliseringsarbeidet.

Kommunane Meland, Radøy og Austrheim, og BOF inngjekk ein avtale om utvida samarbeid og involvering av BOF i prosjektarbeidet. Kostnaden vart berekna ut frå forventa tidsbruk og fastsett til kr. 54 000 per kommune. Partane signerte avtalen den 4.januar 2016, og den vert avslutta når prosjektet er ferdigstilt.

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde følger Miljødirektoratet sin rettleiar, M98-2013. Det er lagt vekt på å inkludere nærturområde og grøntområde i/nær busetnad og tettstader i tillegg til dei større og meir kjente friluftslivsområda i kommunen. Registreringar frå barnehagar og skular har vorte inkludert gjennom direkte kontakt med tilsette, i tillegg til data innhenta gjennom metoden Barnetråkk, der ungane sjølv har gjort registreringar om kva område dei nyttar til leik og friluftaktivitetar. Det er viktig å merke seg at **kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde er ei temakartlegging, ikkje ein juridisk bindande**



plan.

Bilete 2 og 3: Ulike former av tilretteleggingstiltak. (Foto: Ane Bysheim)

2. Føremål med kartlegginga

Målet med kartlegginga er å få oversikt over og klargjere areal for friluftsliv i kommunen. Registreringene som vert gjort gir kartbasert dokumentasjon som viser kvar dei viktigaste friluftslivsområda i Meland kommune er og kva aktivitetar dei vert nytta til. Det overordna målet for arbeidet er at alle innbyggjarane skal ha moglegheit til å drive friluftsliv i nærmiljøet og i naturen elles. Det er viktig å ivareta eit breitt spekter av område med forskjellige kvalitetar som gir befolkninga høve til å utøve friluftsliv ut frå egne preferansar.

Det er viktig å ivareta eit breitt spekter av område med forskjellige kvalitetar som gir befolkninga høve til å utøve friluftsliv ut frå egne preferansar.

Gjennom verdsetting og prioritering av areal for friluftsliv i kommunen vert det sikra god tilgang på relevant informasjon om friluftslivet både for kommunen og eksterne partar. Dette kan mellom anna danne grunnlaget for turkart, avveging av ulike interesser i plan- og sikringsarbeid, sakshandsaming og generelt utviklingsarbeid innan friluftsliv. Det er viktig å presisere at kartleggingsresultatet ikkje gir juridiske føringar, men berre er ei registrering av faktiske forhold. Kommunen sitt seinare planarbeid

gjennom mellom anna kommuneplanens arealdel og reguleringsplanar vil avklare framtidig bruk av områda gjennom ein politisk prosess og medverking i samsvar med plan- og bygningslova.

Idrettsplassar, ballbingar og opparbeida leikeplassar med tydeleg avgrensing, som ikkje har eit grønt hovudpreg, vert ikkje registrert i denne kartlegginga med mindre dei inngår i eit større friluftslivsområde eller er naudsynste for bruken av områda. Nokre av områda som har vorte registrert er lokalisert på område nytta til jordbruk. Det har mellom anna vorte registrert ein del akebakkar i kommunen. Desse områda har berre ein friluftsverdi om vinteren når bakken er dekkja av snø, men dette kjem ikkje godt nok fram av kartet viss ein ikkje les den tilhøyrande områdeskildringa. I dei tilfelle kvar det er gjort registreringar i område som vert nytta til jordbruk er det viktig at friluftsutøveren viser omsyn slik at eventuelle konflikhtar vert unngått.

Det har vore eit mål at områdeavgrensinga skal vere så nøyaktig som mogleg, men i nokre tilfelle vert plasseringa av grensene omtrentleg. Dette gjeld særleg dei områda kvar grensene går innanfor eit større grønt område, eller område på sjø. Dei reelle grensene mellom friluftsområde og andre område flyt meir over i kvarandre enn det som kjem fram av kartet. Avgrensinga av områda må tolkast som retningsgivande og difor må grensene til dei kartlagde friluftslivsområda verte vurdert i kvart einskild tilfelle. Dei registrerte områda må verte sett på som eit område der ein må vurdere korleis eventuelle nye tiltak påverkar eller vert påverka av utøving av friluftsliv.

Resultat:

- Ein kortfatta rapport med kart
- Kartfiler til kommunen (kan leggast inn som eit temalag i kommunen si digitale kartløyising)
- Kartfiler i SOSI-format til Naturbase, samt Excel-skjema med tilhøyrande informasjon om dei registrerte områda



Bilete 4: Friluftsliv er ei kjelde til god helse og livskvalitet. (Foto: Ane Bysheim)

3. Gjennomføring av prosjektet

Prosjekteigar:

Meland kommune

Prosjektleiar:

Gunnhild Laxaa - BOF

Arbeidsgruppe:

Gunnhild Laxaa - BOF

Eirik Bouwer Utne - kulturkonsulent

Laila Bjørge – Landbrukssjef

Marius Flemmen Knudsen – Skog- og miljøkonsulent

Niels Torger Granum – GIS-konsulent

Mette Marei Trædal – Barnehagefagleg rådgjevar

Ane Bysheim – vikarierende kulturkonsulent (deltok på siste arbeidsgruppemøte).

Mandat for arbeidsgruppa:

Gjennomføring av sjølve kartlegginga. Dette tyder å vurdere relevant informasjon og grunnlagsmateriale, kartfeste areal nytta til friluftslivsføremål, i tillegg til å skildre dei ulike områda og gjennomføre verdsetting etter metodikk i DN-handbok M98-2013. Dette arbeidet er gjort i arbeidsgruppemøte (sjå møteplan i tabell 1). Kortfatta rapport er skriva av prosjektleiar.

Tabell 1: Møteplan for arbeidsgruppa i Meland kommune.

DATO	AGENDA
25. juni 2015	Introduksjonsmøte- fyrste møte i arbeidsgruppa
8. februar 2016	Kartlegging og verdsetting
9. februar 2016	Kartlegging og verdsetting
11. februar 2016	Kartlegging og verdsetting
23. februar	Kartlegging og verdsetting
6. april 2016	Ope møte for innbyggjarane i Meland
7. juni 2016	Gjennomgang og justeringar etter ope møte

4. Resultat

Arbeidsgruppa har gjennomført 6 møte der totalt **72 aktuelle område er kartlagd, skildra og verdsett** i ein eigenskapstabell. Resultatet av kartlegginga skal digitaliserast i samsvar med gjeldande standard for kartlagde friluftslivsområde og importertast til nasjonal database hos Miljødirektoratet.

Brukarar kan sjå karta med tilhøyrande eigenskapar via internett på www.naturbase.no eller i kommunen sitt kartverktøy.

Verdsetting av områda er gjort ved hjelp av eit sett verdikriterium. Dei ulike kriteria vert vekta frå 1 til 5. Når alle dei relevante kriteria for eit område er vurdert, vert det med utgangspunkt i desse fastsett ein verdikategori frå A til D for det aktuelle området (sjå tabell 2). Alle kriteria må ikkje nyttast for alle områda. Nokre av dei eignar seg best på små område i tettstader, mens andre eignar seg best på større friluftslivsområde. Når ein vurderer resultatet må ein være merksam på at skalaen ikkje nødvendigvis går frå «dårleg» til «bra». Til dømes kan det at eit område ikkje er tilrettelagt vere negativt for nokre, mens andre ser det som positivt å oppsøke eit område utan tilrettelegging.

Følgjande verdisettingskriterium vart nytta: ***Brukarfrekvens, regionale og nasjonale brukarar, opplevingskvalitetar, symbolverdi, funksjon, eignaheit, tilrettelegging, kunnskapsverdiar, lydmiljø, inngrep, utstrekning, tilgjenge og potensiell bruk.***

Tabell 2: Resultat av kartlegginga. Tal på område inndelt etter verdi.

VERDI	TAL PÅ OMRÅDE	KRITERIE (berre eitt av desse må vere oppfylt)
A- Svært viktig friluftslivsområde	22	<ul style="list-style-type: none"> • Verdi 5 eller 4 på brukarfrekvens og/eller regionale og nasjonale brukarar • Verdi 5 på opplevingskvalitetar, symbolverdi, funksjon, eignaheit eller tilrettelegging. • Ein generelt høg poengsum.
B- Viktig friluftslivsområde	27	<ul style="list-style-type: none"> • Verdi 3 på brukarfrekvens og/eller regionale og nasjonale brukarar • Verdi 3 eller 4 på opplevingskvalitetar, symbolverdi, funksjon, eignaheit eller tilrettelegging. • Ein generelt middels poengsum.
C- Registrert friluftslivsområde	23	<ul style="list-style-type: none"> • Verdi 2 eller 1 på brukarfrekvens, regionale/ nasjonale brukarar, opplevingskvalitetar, symbolverdi, funksjon, eignaheit eller tilrettelegging • Ein generelt låg poengsum.
D- Ikkje klassifisert	0	<ul style="list-style-type: none"> • Område som ikkje vert verdsett som A, B eller C.

Utkast til kart og eigenskapstabell vart lagt ut til enkel høyring på internett i midten av mars, og det vart halde eit ope folkemøte på kommunehuset på Frekhaug 6.april 2016. Både Avis Nordhordland og Strilen publiserte ein felles artikkel om prosjektet i Meland, Austrheim og Radøy i forkant av folkemøtet. Etter at folkemøtet var gjennomført vart innspela gjennomgått av prosjektleiar som

føretok naudsynt korrektur av kart og eigenskapstabell i samarbeid med arbeidsgruppa.



Bilete 5: Utsnitt frå temakart. Dei grønne områda er registrert som friluftslivsområde. Både store og små område er kartlagd.

5. Merknader

Denne kartlegginga viser i stor grad kva som er dei viktigaste friluftslivsområda i kommunen. Dette kan vere eit nyttig verktøy, men ein må vere merksam på svakheiter ved kartlegginga. Det gjeld mellom anna:

- Kartlegginga er subjektiv. Sjølv om arbeidsgruppa har vore representert med folk med ulik bakgrunn så vil verdisettinga alltid vere subjektiv. Dette har vert forsøkt minimert ved å arrangere ope møte og legge registreringane ut på nett for å gi innbyggerane i kommunen høve til å kome med innspel på arbeidet som har vorte gjort.
- Avgrensinga av områda er grov. Det er ikkje alltid klare skilje mellom kva som er innanfor og utanfor eit friluftslivsområde. Karta må difor sjåast som rettleiande. Tiltak i eller i nærleiken av områda må vurderast i kvar einskild sak.

Arbeidsgruppa anbefaler difor at vidare bruk av kartlegginga bør leggje vekt på skildringa av det aktuelle området. Områdeskildringane har som føremål å gi lesaren ei djupare forståing av korleis området ser ut, kva aktivitetar som vert utført der, eventuelle kulturhistoriske, landskapsmessige eller biologiske særpreget ved området, eksisterande tilretteleggingstiltak og mogleg forbettringspotensiale.

Vedlegg

- Kart i PDF-format
- Excel-skjema